



Helse Førde  
Førde sentralsjukehus  
6807 FØRDE

KOPI

Vår ref.  
2002001920-25/K2-G00//SVJI

Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 10.09.2003

## **PROSJEKT NÆRSJUKEHUS I FLORØ - FØREBELS STOPP I VIDARE DELTAKING.**

Vi viser til saksutgreiing frå administrerande direktør Kapstad sak 050/03 V og styremøte i Helse Førde 8.oktober.

Før styrebehandlinga i styret for Helse Førde gjorde Flora formannskap slikt vedtak som vart oversendt administrerande direktør og styremedlemene i Helse Førde, adm.dir. og styreleiar i Helse Vest og Helseministeren:

*Flora kommune og vidare arbeid med etablering av nærsjukehus.*

1. *Formannskapet i Flora kommune beklagar sterkt at mandat og arbeid med prosjekt for etablering av nærsjukehus i Florø ikkje er respektert og reflektert i administrerande direktør sitt framlegg til styret i Helse Førde i sak 050/03 V.*
2. *Flora kommune oppmodar styret for Helse Førde, administrasjon og styre for Helse Vest til reelt å ta omsyn til dei framlegga eit fleirtal i styringsgruppa for etablering av nærsjukehus i Florø har føreslege:*
  - a) *Nærsjukehuset må innehalde ei drivverdig sengeavdeling talfesta til 20-25 senger, noko som krev utflytting av ei sentralsjukehusavdeling. Prosessen må difor samordnast med prosessen effektivisering av Førde sentralsjukehus og utflytting av somatisk sengeavdeling.*
  - b) *Før styrehandsaming i Helse Førde må det konkretiserast kva spesialisthelsetenester som kan leggjast til nærsjukehuset.*
  - c) *Utgreiing og vedtak i Helse Førde om nærsjukehuset skal og leggjast fram for Flora kommune og Bremanger kommune før oversending til Helse Vest og Helseministeren ut ifrå at dette er eit prosjekt med fire likeverdige partar.*



3. *Flora kommune sler fast at framlegget til vedtak på ingen måte stettar krava til Helseministeren eller Flora kommune sine føresetnader for deltaking i prosjektet (jfr. sak 052/03 i Flora formannskap). Flora kommune ber difor styret for Helse Førde og Helse Vest om å sjå til at vanlege spelereglar for prosjektarbeid og samarbeid vert følgd.*

*Flora kommune er elles redd at det ikkje vert mogleg å stette Helseministeren sine krav til etablering av nærsjukehus og styrking av samarbeidet mellom 1. og 2.linetenesta.*

Vi registrerer at det ikkje i det heile vert teke omsyn til at det har vore eit prosjektarbeid som skulle vurdere innhald i Nærsjukehus i Florø . På denne bakgrunn er det ikkje tenleg å binde kostnadskrevjande ressursar i eit prosjektarbeid som likevel ikkje vert nytta i vurderinga av kva som kan vere eit fagleg og økonomisk realistisk prosjekt.

Korkje mandat eller innspel i prosjektarbeidsfasen vert teke på alvor.

I denne situasjonen er det etter vår vurdering feil ressursbruk å prioritere deltaking i arbeidsgrupper og styringsgruppe for prosjektet for etablering av Nærsjukehus i Florø.

Inntil vidare kjem difor representantar oppnemnd av Flora kommune **ikkje** til å delta i arbeidet. Dersom behandlinga av saka i styret for Helse Vest eller vedtak av Helseminister tilseier at arbeidet vidare skal vere eit reelt bidrag til best mogleg modell for eit Nærsjukehus i Florø vil Flora kommune igjen kunne delta i arbeidet.

Med helsing

Bente Frøyen Steindal  
Ordførar

Fredrik W. Gulbranson  
rådmann

Kopi:  
Helseminister Dagfinn Iløybråten  
Helse Vest  
Bremanger Kommune